



Miljøverndepartementet  
Postboks 8013 Dep  
0030 Oslo

Dykkar ref.:

Vår ref. (oppgjje ved svar):  
**2012/5437 NAT-NP-LINO**  
Arkivkode:  
**423.5/14**

Dato:  
**29.04.2013**

## Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Klage på løyve til utviding av hytte – Langedalen

Direktoratet for naturforvaltning tilrår etter førebuaende klagehandsaming at løyve frå verneområdestyret om utviding av hytte i Langedalen vert stadfesta og at klagen ikkje vert tatt til følge.

### Saksgang

Verneområdestyret for Naustdal-Gjengedal landskapsverneområde ga 10.12.2012 løyve til utviding av hytte i Langedalen, jf. verneforskrifta § 3 punkt. 1. 3 bokstav a). Utvidinga er på 20 m<sup>2</sup>, slik at hytta etter utviding vert på totalt 49,25 m<sup>2</sup>. Det skal rivast eit eksisterande tilbygg på hytta, slik at netto utviding er på 14,25 m<sup>2</sup>.

Vedtaket blei påklaga i brev datert 18.12.2012 av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Verneområdestyret handsama klagen i møte 30.01.2013, men fant ikkje grunn til å ta klagen til følge. Klagen blei derfor oversendt direktoratet og Miljøverndepartementet for endeleg klagehandsaming.

### Klager sine merknader

I klagen frå Fylkesmannen vises det til at det er uheldig å fatte eit løyve om utviding av hytte til 49,5 m<sup>2</sup> før forvaltningsplanen har vore på høyring. Eit løyve i denne saka vil ha presedens for kor store tilbygg/utvidingar forvaltningsstyra seinare skal kunne tillate. Fylkesmannen meiner at det bør fastsetjast retningslinjer for hytter og stølshus i forvaltningsplanen før eventuelt løyve vert gitt.

### Klagefrist og rettsleg klageinteresse

Klagen er framsett innanfor klagefristen og av Fylkesmannen som har rettsleg klageinteresse, jf. fvl. § 62.

### Synfaring

Det blei gjennomført synfaring av området den 24. april 2013 med ein representant frå Fylkesmannen, eigar av hytta, områdeforvaltar, ein representant frå styret og Direktoratet for naturforvaltning.



### **Direktoratet si tilråding**

Klageinstansen kan etter forvaltningslova § 34 prøve alle sider av ei sak ved klagehandsaminga, også ta omsyn til nye omstende. Klageinstansen kan vidare sjølv treffe vedtak i saka eller oppheve vedtaket og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny handsaming. Vedtak kan ikkje endras til skade for klagaren, med mindre vedkommande sine interesser vurderast å måtte vike for omsynet til andre privatpersonar eller offentlege interesser, jf fvl § 34 tredje ledd. Melding om slik endring må i så fall vere sendt klagaren innan 3 månader etter at underinstansen mottok klagen.

Det vert i denne saka søkt om å få oppføre tilbygg på ei eksisterande hytte, bygd i 1956. Hytta ligg i Langedalen, innanfor Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Området vart verna ved kgl.res 9. januar 2009. Formålet med vernet er mellom anna å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde som er så godt som fritt for tyngre tekniske inngrep jf. verneforskrifta § 2. Det er også eit mål å ta vare på kulturlandskapet med dei kulturminna det inneheld.

Området er i følgje verneforskrifta verna mot inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter, jf. § 3 pkt 1. Det er til dømes forbod mot vegbygging, oppføring og ombygging av bygningar eller anlegg med meir. Forvaltningsstyremakta kan etter verneforskrifta § 3 pkt 1.3 a) gje løyve til ombygging og utviding av eksisterande bygningar i tråd med tradisjonell byggeskikk. Verneområdestyret ga med heimel i denne regelen løyve til å utvide hytta til 49,25 m<sup>2</sup>.

I Langedalen er det både støylyar og støyshus, naust, naustmiljø og enkelte fritidshytter som preger landskapet. Støylsmiljøa er ein viktig del av verneområdet. Omsøkte hytte ligg utanfor sjølv støylyvullen, men i nærmiljøet til støylen. Området rundt hytta er delvis opparbeida som uteplass for hytta. Hytta ligg i eit område der verneforskrifta opner for oppføring av ni nye hytter. Sjølv Arnestadstøylen med støyshus er inngjerda og ligg 150 meter frå omsøkte hytte. Det ligg og ei fritidshytte 130 meter frå omsøkte hytte som er på 60 m<sup>2</sup>. Denne hytta var godkjend før verneforslaget vart vedtatt. Direktoratet legg til grunn at den kunnskapen som føreligg om naturmangfaldet og om den effekten tiltaket vil ha på naturmangfaldet er i samsvar med krava i naturmangfaldlova (nml.) § 8. Forvaltningsplanen for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde er for tiden under utarbeiding. Sjølv om forvaltningsplanen ikke er ferdig utarbeida eller godkjent, vil dei føringene som ligg i planen vere retningsgivande. I planen følger det at det ytre flatemålet av bygningar i landskapsvernområdet normalt ikkje skal vere større enn 35 m<sup>2</sup>. Grensa for det ytre flatemålet er meint å skulle gjelde både for utvidingar og nybygging. Desse retningslinjene går fram av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sitt brev av 14. september 2001.

Verneområdestyret har i si grunngeving vektlagt at det vil bli to bygningskroppar som kvar for seg vil vere under grensa på 35 m<sup>2</sup>. Hytta vil då etter verneområdestyret si meining vere mindre dominerande i landskapet. Hytta ligg eit stykke frå Arnestadstøylen, og vil ikkje vere direkte påverka av bygningsmiljøet der. Hytta ligg i nærleiken av ei hytte på 60 m<sup>2</sup> som ligg litt lengre mot sør. Da denne saka er ein søknad om utviding av ei eksisterande hytte meiner styret at dei kan vere meir fleksible enn om det hadde vore søknad om eit nybygg.



I forbuande klagehandsaming blei det peika på at det må takast omsyn til hytta på 60 m<sup>2</sup> som ligg 130 meter frå omsøkte hytte. Direktoratet vil presisere at oppretting av landskapsvernområdet har som mål å hindre at landskapets art eller karakter ikkje vert vesentleg endra. Dette medfører ein restriktiv praksis med omsyn til utvidingar etter verneforskrifta slik at utvidingar og oppføring av nye hytter som skjedde før vernetidspunktet ikkje kan tillegges særleg vekt på for tiltak som vert omsøkja etter vernetidspunktet. Direktoratet legg derfor ikkje særleg vekt på at det er tillatt oppført ei hytte på 60 m<sup>2</sup> like ved omsøkte hytte, men legg mest vekt på dei føringane som er satt i verneforskrifta, kongelig resolusjon og utkast til forvaltningsplan.

Direktoratet er samd med Fylkesmannen i at utviding av eksisterande bygningar bør skje etter retningslinjer fastsatt i ein forvaltningsplan. Forvaltningsplanen har endå ikkje vore på høyring, men i utkastet til planen er det retningslinjene i brevet fra Fylkesmannen i 2001 som er lagt til grunn for utvidingar og nybygg.

Som nemnt ovanfor er det i utkastet til forvaltningsplanen fastsatt eit ytre flatemål på 35 m<sup>2</sup> for bygningar i området, dette er meint å skulle vere retningsgivande for både nybygg og utvidingar av eksisterande bygningar.

Etter forvaltningspraksis i andre verneområder har utvidingar av eksisterande bygningar på inntil 30 % generelt vere ansett som akseptable. Ei utviding i denne saka i tråd med utkastet til forvaltningsplanen på maks tillatt flatemål på 35 m<sup>2</sup> vil utgjere ca. 20 % av eksisterande areal. Dei føringene som ligg til grunn i utkastet til forvaltningsplanen er basert på brevet frå Fylkesmannen i 2001 i høve til oppføring av nybygg. Direktoratet meiner at det i denne saka må leggst vekt på at det har gått ei tid siden Fylkesmannen skreiv brevet sitt og at storleiken på hytter som blir oppført i dag er noko større en det som var normalt i 2001. I planteikningane som følger saksutgreinga følger det at formålet med oppføring er å få betre sanitærforhold (toalett) og lagringsplass for utemøbler og utstyr, i tillegg til at det er ønska auka overnattingskapasitet. Under synfaringen blei direktoratet gjort merksam på at det blei nytta felles utedo for stølseigarane og hytteeigarane. Utedoen ligg eit godt stykke frå Arnestad si hytte. Direktoratet har forståing for at Arnestad ønsker tilgang til toalett på eiga hytte. Det er ikkje innlagt vatn og kloakk til hyttene i området, og det er tørrklosett som blir nytta. Direktoratet mener derfor at det kan tillate eit ytre flatemål som er større enn det som følgjer av utkastet til forvaltningsplan for å mellom anna å kunne få tilstrekkeleg sanitær- og lagringsforhold på hytta.

Det er opna for at det kan oppførast ni nye hytter i området rundt Arnestad si hytte. Oppføring av desse er enda ikkje omsøkt eller påbegynt bygd, men direktoratet har fått opplyst at desse er ønska oppført i nærmaste framtid. Direktoratet ser derfor at denne saka kan ha presedens verknad då det vil kunne kome søknader om bygging av større hytter enn det som følger av utkastet til forvaltningsplanen, jf. prinsippet i nml. § 10. Direktoratet legg likevel til grunn at ei utviding som omsøkt er i tråd med de rammene som er fastsatt i verneforskrifta. Vidare vil forvaltningsplanen som er under utarbeiding fastsette retningslinjer for utviding av eksisterande bygningar og oppføring av nybygg, slik at disse retningslinjene vil legge føring for seinare søknader. Direktoratet legg vekt på at denne saka gjeld eit tilbygg på ei eksisterande hytte, og ikkje eit nybygg som fordrer eit nytt inngrep i landskapet slik at den samla belastninga ikkje blir for stor. Då omsøkte hytte ligg skilt fra stølsmiljøet og ikkje har karakter av ei stølsbygning vil ikkje løyve føre til at landskapets art eller karakter endrer seg vesentleg. Direktoratet forutset at eksisterande tilbygg skal rivast slik at total netto utviding er på 14,25 m<sup>2</sup>, altså i tråd med løyvet frå styret. Ei utviding må vidare skje på ein slik måte at transport av material til hytta ikkje set spor i terrenget, jf. prinsippet i nml. § 12 om at det skal nyttast den driftsmetoden som gir minst skade på naturmangfaldet. Sjølv om løyve i denne saka vil innebære ein



større auke enn det som følger av forvaltningspraksis, meiner direktoratet at utvidinga kan gjerast innanfor verneforskrifta og at den er rimeleg og sakleg.

Direktoratet finn etter dette at det i denne saka kan akseptast ei utviding av eksisterende hytte som omsøkt etter verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 a) og med dei vilkår som er satt i løyvet frå verneområdestyret.

### **Direktoratet si tilråding**

Direktoratet tilrår at verneområdestyret sitt løyve av 10.12.2012 vert stadfesta og at klagen ikkje vert tatt til følge.

Med helsing

### **Direktoratet for naturforvaltning**

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent, og har derfor ingen signatur.*

Berit Lein  
Avdelingsdirektør

Olav Nord-Varhaug  
seksjonssjef

#### Kopi til:

Kjell Arnestad	Gota 11	6823	SANDANE
Gloppen kommune	Postboks 173	6823	Sandane
SNO Sandane	Krånavegen 5	6823	SANDANE
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Postboks 173	6801	FØRDE
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863	Leikanger